



GOL IL SKØYTEGRUPPA

www.golil.no - skøyter

ÅRSMELDING 2006



ÅRSMELDING 2006 for skøytegruppa, Gol IL.

Styret si samansetning:

Leiar: Gisle Eide
Nestleiar: Per Helge Myklebust
Sekretær: Solveig Tuft
Kasserar: Anne Kari Smaaberg
Styremedlem: Reidmar Faleide
Styremedlem: Ola Halvar Jorde
Ungdomsrepr: Ingrid Eide
Varamedlem: Maaike Visser
Eva Dahl Rust

Banemeister: Ola Halvar Jorde
Kioskansvarleg: Kari Kaupang Eide
Kompetanseansvarleg: Gisle Eide
Internettansvarleg: Gisle Eide

Det har vore 10 styremøte og det er handsama 57 saker.

Medlemmer i skøytegruppa: (i parentes tal frå 2005)

Totalt medlemstal: 176 (125)
Medl. over 17 år: 56 (40)
Medl. under 17 år: 120 (85)

	Konkuranseløparar	Skøyteskule	Totalt
Menn	8 (11)	57 (43)	65 (54)
Kvinner	<u>3 (3)</u>	<u>59 (31)</u>	<u>62 (34)</u>
Totalt	11 (14)	116 (74)	127 (88)

Trenarar

Trenarar: Ola Halvar Jorde
Gisle Eide
Birgitte Jorde
Ola Stølen
Marit Jorde

Medhjelparar på skøyteskulen: Maaike Visser
Birgitte Jorde
Birgit Engene
Anne Kari Smaaberg (registrering)
Helge Fivelstad (registrering)



ANLEGG

Skøytegruppa har utarbeidd og sendt søknader om garsjeanlegg og ny speakerbu på Glitre i tråd med tidlegare vedtak. Prosjektet er på ny utsett på grunn av vi ikkje vart tildelt tippemidlar verken i 2005 eller i 2006.

SAMLINGAR FOR LØPARANE

Sommaren 2006:

- 16. –18. juni:** **Barmarksamling på Ørterstølen på Golsfjellet**
5 løparar frå Gol var med. Gisle Eide var med som trenar.
Dette var ei kretssamling.
- 24.juni:** **Hallingrittet**
Tre av løparane deltok på Hallingrittet.
- 2. –6. august:** **Barmarksamling ”Solplassen”, Stavern**
1 løpar frå Gol var med.
Dette var ei kretssamling.
- 1. –8. oktober:** **Issamling på Hamar**
5 løparar (+ 2 rekruttar) frå Gol var med. Fint opplegg med tema kosthald. Her var det noko å lære for både store og små.
Gisle Eide var med som trenar.
Dette var ei kretssamling.
- 28. –29. oktober:** **Issamling i Drammen**
6 løparar (+ 2 rekruttar) frå Gol var med. Her var også opplegget bra og temaet denne gongen var ”førebuing til løp”. Regiontrenar Arne Skuterud hadde mange nyttige tips både til dei aktive, trenarane og foreldra. Gisle Eide var med som trenar.
Dette var ei kretssamling.

Denne sommaren vart sommarisen i Vikingskipet avlyst grunna vedlikehald.

Denne hausten var skøyteisen på Glitre klar 12.november.

TURAR/SOSIALE SAMLINGAR/SPORTSLEG OPPLÈGG:

- 7. -8. januar:** **Jente- og gutestemne på Kongsberg**
Det var med 7 løparar frå Gol. Alle deltok berre 1 dag. Nokon laurdag og nokon søndag.
- 21. -22. januar:** **”Sandefjorløpet” i Vikingskipet**

Det var med 7 løparar frå Gol. Som tidlegare år er dette ei fin familiehelg og høgdepunktet for mange av løparane. Det blir sett mange personlege rekordar og foreldra stiller villig opp på sidelinja med heiarop.

- 28. -29. januar:** **Vikingsløpet i Tønsberg**
Det var med 3 løparar frå Gol. Dette løpet er uttakingsløp til det årvisse Vikingrace i Heerenveen. Sigbjørn Eide vart teken ut til å representere Norge i 11-årsklassa.
- 4.-5. februar:** **Landsmeisterskapen på Hamar**
2 jenter og 2 gutar frå Gol var tekne ut til å delta i Landsmeisterskapen. Berre dei beste i landet frå kvart alderstrinn er kvalifiserte til denne meisterskapen. Særleg er talet på kvalifiserte lågt i jenteklassene. Det var derfor flott å ha med heile fire deltakarar frå Gol dette året.
- 18. februar:** **Nasjonalt stemne / KM på Kongsberg**
Her var det 2 deltakarar med frå Gol. Den eine i KM.
- 7. oktober:** **Odalsskøyta**
Gol stilte med 2 deltakarar i løpet Odalsskøyta 2006. Lågt deltakartal dette året då det gjekk same helga som NC. Mange hadde planlagt å reise med rekruttar til dette stemnet og vart difor svært skuffa over at arrangørane valde å kutte ut rekruttklassa.
- 14. -15. oktober:** **Rekrutteringstur til Vikingskipet**
Denne helga reiste heile 32 golvingar på tur til Hamar og Vikingskipet. Det var i alt 15 løparar. Gruppa vart delt i to. Marit Jorde hadde ansvaret for dei yngste (stor suksess) og Gisle Eide hadde ansvaret for dei eldste løparane. Vi køyrde 2 økter pr. dag og laurdag kveld var det pizzakveld på Peppes.
- 28. -29. oktober:** **Drammensløpet**
Det var med 8 deltakarar frå Gol. Dette var ei fin helg kombinert med kretssamling.
- 25. november:** **Comfortløpet Furumo**
Gol stilte med 10 deltakarar. Det var 7 familiar som reiste. For 4 av løparane var dette første deltaking i løp utanfor Hallingdal.
- 16. – 17. desember:** **Hamarleikane**
Gol stilte med 7 deltakarar i Hamarlekene 2006. Vi hadde eigentleg 8 påmelde, men ein vart sjuk og måtte halde senga heime på Gol.

Gisle Eide var med som trenar på alle desse stemna.

Prosjekt

Skøytegruppa ved Per- Helge har utarbeidd prosjektplanar og søkt om økonomiske midlar til fleire prosjekt:

- Barn/ I Ungdom på is: dette er eit prosjekt i samarbeid med skulane, Friskliv/ il@skulen, kommunen, Buskerud Skøytekrets, Norges Skøyteforbund, Buskerud Idrettskrets/ Gol IL. Prosjektet har 4 fasar, der to av desse er retta mot skulane, og fase IV er retta mot handel og reiseliv. Skuledelen av prosjektet rettar seg mot skøytearenaen som ein lærestad for m.a. realfaga matematikk og fysikk, ernæring, og øving/ trening. Skøytegruppa sitt mål med prosjektet er generell styrking av skøyter som kulturberar og arena for breiddeidrett, å styrke Gol som skøytebygd i Fjellregionen, og å gje grunnlag for fleire aktivitetsleiarar/ trenarar og løparar i skøytegruppa. Det er gitt støtte og tilsagn om støtte til prosjektet.
- Skøyteskulen: NSF støttar etter søknad skøyteskulen med KKD- midlar.
- Fellestrenig Gol- Hol: NSF støttar etter søknad fellestrening mellom Gol og Hol med KKD- midlar.
- Fellestrening skøyter- alpint: Prosjektet er ikkje støtta med eksterne midlar.

Skøyteutleige og vedlikehald

Gruppa har fortsett å auke utleige av utstyr. Dette viser seg populært også for foreldre/ vaksne. saman med sponsorane Eidsgaard Hotell og Pers Hotell er det kjøpt inn mange nye skøyter ved årsskiftet 06-07.

Anlegg

Glitre Stadion er i ny arealdel av kommunedelplan for Gol tettstad avsett til industri (K-styresak 49/06 den 5.9.06). Dette trass i merknader frå skøytegruppa og Gol IL. Gruppa må no sette sin lit til at politikarane vår meiner alvor med den såkalla juridiske føresegna til arealplanen, sitat:

"Dagens bruk av område II som skøytebane kan ikkje bli endra før det er etablert eit tilfredsstillande alternativ på Gol som erstattar dagens bruk."

Planhorisonten er fram til 2015.

Hallingmoprojektet

Skøytegruppa har delteke aktivt i innleiande rapport til idrettslaget om Hallingmo- prosjektet. Diverre kan ein frå skøytegruppa si side ikkje seie seg nøgd med idrettslaget si manglande slutthandsaming av rapporten og fråveret av debatt i ei så viktig sak for idretten i Gol IL.

Treningssamarbeid

- Dette året vart det satsa på barmarkstrening saman med alpingruppa på Skaga. Roger Øye og Steffen Nistad Strandos frå alpingruppa og Gisle Eide frå skøytegruppa stod for desse treningane. Samarbeidet fungerte godt og bør vurderast også for seinare.
- Skøytegruppa hadde dette året også treningssamarbeid med Hol. Ein gong i veka trena klubbane saman, først på barmark og seinare på is. Annankvar tysdag (måndag i barmarkssesongen) reiste golvingane til Hol og annakvar gjesta holvingane Glitre. Trenarar var Bjørn Arve Rue (av og til også Svein Arne Nymoen) frå Hol og Gisle Eide frå Gol.

EIGNE ARRANGEMENT

8 klubbbløp	20 – 30 deltakarar kvar gong
Kretsmeisterskap (KM 2007) 30.12.06	63 deltakarar inkl. kretsløpet
Skøytesportens dag	ca 30-35 deltakarar
Hallingdalskarusellen (nasjonalt løp)	ca 200 løparar
Bedriftsstafett	11 lag deltok med 3 personar på kvart lag

Familiedag på isen
8. januar: Dei fleste held seg nok inne framfor omnen denne dagen. Gradestokken på Glitre viste under -20 grader. Berre to tøffingar hadde fått med seg mammaene sine og møtte til familiedag på isen.

Skøytesportens dag
16. februar: Fellesstart med deltakarar i alle aldrar er populært. Nokon gjekk 5000 meter medan andre følgde på så best dei kunne. Etterpå var det vaflar med saft og kaffe å få kjøpt i kiosken.

Bedriftsstafett **20. februar:**

Bedriftsstafetten på skøyter på Glitre stadion har vorte tradisjon. Stafetten vart i 2006 arrangert måndag 20. februar. Fint og kaldt vêr danna ei fin rame kring arrangementet. Det viktigaste med stafetten er å møtast og ha det gøy på isen. Einaste kvalifiseringskravet for å delta er å vere i stand til å gå 400 meter på skøyter. Kvart lag består av 3 personar. Det var premiering med vandrepokalar og medaljar. Skøytegruppa hadde lagt opp til klassar både for racerar og for idealtid. Eit lag frå Byggmakker kom nærast idealtida og vart kåra som vinnar av idealtidløpet. I racerklassa vart det siger til det same laget. Nummer to vart det sigersvane laget frå turistbedriftene i Gol og på tredje plass kom laget frå DBC (forsterka med Martin Engene Øyan). Laget frå turistbedriftene i Gol hadde kjøpt ny vandrepokal for beste kostyme i Idealtidklassa. Skøytegruppa takkar så mykje. Sjølv hadde dei kledd seg i flotte kostyme for "å sette standarden". Pokalen gjekk til laget frå Brannvesenet i Gol. Heile 11 lag tok del i stafetten i år. Desse var:

- Turistbedriftene i Gol
- Byggmakker I
- Byggmakker II
- Byggmakker III
- Byggmakker Geilo
- Gol Brann- og redningsteneste
- Gol skule
- Bionor naturgjødsel/Norhaug gård
- Gilde
- DBC
- Ål Brann- og redningsteneste

Hallingdalskarusellen

25.og 26. februar: Nokre få minusgrader på morgonen og sol utover dagen møtte dei over 200 løparane som stilte til start på Glitre stadion på Gol laurdag 25. februar. Den perfekt preparerte isen på Glitre skein om kapp med sola. Mange sette personlege rekordar og det vanka godord til arrangørane frå det rekordstore antalet deltakarar.

For første gong hadde Hallingdalskarusellen elektronisk tidtaking. Kjell Almenning stilte med tidtakarutstyr og Oddbjørn Jorde stilte med GlitreTid. Dette fungerte fint og var med på å sikre eit godt gjennomført stemne.

4 x 400 meter stafett er eit populært innslag. Dei fleste av dei deltakande løparane var med i stafetten. Sjølv om stemnet vart framskunda med ein time, vart det mørkt før det var tid for stafetten. Det vart arrangert innleiande heat og finale. Det vart eitt av Fana sine lag som vart vinnarar. På andre plass kom Geithus og nummer tre vart eitt av Stord sine lag i konkurransen.

Stord tok tredje napp i vandrepokalane som beste klubb samanlagt for begge dagane. I sterk kamp med Fana gjekk dei sigrande ut av den kampen. Det store antalet veteranar skaffa også dette året Stord dei nødvendige poenga til å verte beste klubb. Vi merka oss også at klubbar som Båstad og Geithus kom høgt opp i denne konkurransen.

Avslutningsfesten 6. april:

Torsdag 6. april arrangerte skøytegruppa sesongavslutning for både store og små. Mange forventningsfulle små hadde teke med seg mamma og pappa (og nokon besteforeldre) til Bjørnehallen på Pers hotell. Ei stor takk til Arve Rustberggard for lån av det fine lokalet. For mange er det høgdepunktet for året å motta premien for gjennomført skøytesesong. Mange hadde møtt fram og det var stor stemning. Av meir spesiell premiering kan vi nemne at pokal for framgang/motivasjon gjekk til Nille Martha Norhaug Faleide. 12-årspokalane gjekk til Lars Fivelstad Smaaberg og Nille Martha Norhaug Faleide.

Idrettslagets dag 12 november:

Gol IL satsa som året før på å gjere dette årets idrettslagets dag til ein aktivitetsdag.

Som uteaktivitet hadde skøytegruppa og friidrettsgruppa laga til ei aktivitetsløype med ulike postar.

KM

30. desember:

KM 2007 skulle arrangerast på Gol 30. desember 2006. Mangel på snø gjorde at Glitre stadion ikkje kunne gjerast sikker nok til arrangement av skøyteløp. Det same var tilfelle med stadion i Hol. Stemnet vart dermed flytta til fylkesanlegget på Geithus (Furumo). Trass mildver og regn på Geithus vart det eit godt gjennomført arrangement.

INNSATSEN TIL LØPARANE I SESONGEN 2005/2006.

(Tala i parentes er antal deltakarar)

Veteran	Ove Kristian Moholt	Hallingdalskarusellen 1. dag DNS
Senior	Line Marie Norhaug Faleide	Hallingdalskarusellen 1. dag 2 (2)

Senior	Håvard Myklebust	<p>Trena i Region Østviken si elitegruppe med Region og forbundstrenar Hendrik Jan Hüijzer.</p> <p>Deltok på treningssamlingar i Berlin (2005) og Amsterdam.</p> <p>Ein trøblete sesong gav deltaking berre i NM Sprint med slike resultat: NM Sprint, Risenga/ Asker jan/febr. 2005 nr 18 (23) 46th Trofeo Nicolodi, Baselga di Pinè (Italia), 11.-12.02.06: uplassert. Norges- Cup (1-2 løp): 100 m (9, 51 p), 500 m (30, 21 p), 1000 (25, 23p), 1500 m (30, 110), 3000 m (38, 5 p). Hallingdalskarusellen nr 2 begge dagar (5 og 6 delt.)</p> <p>Etter sesongen valgte Håvard å trappe ned som aktiv løpar. Han har i sesongen 2006/07 vore assistenttrenar for Frode Rønning i Region Østviken.</p>
Junior B	Ingrid Eide	<p>KM Kongsberg nr 1 (1) Najonalt stemne Kongsberg</p> <p>LM samanlagt nr 8 (8)</p> <p>Hallingdalskarusellen 1. dag nr 2 (2) Hallingdalskarusellen 2. dag nr 2 (2) Deltok i Sandefjordløpet, Hamarleikane, Orasløpet, Vikingløpet, Krystallcupen, NC og Odalsskøyta</p>
Junior C	Simen Fivelstad Smaaberg	<p>LM samanlagt nr 24 (25) Krystallcupen nr 1 (1) Deltok på Hamarleikane, Najonalt stemne Kongsberg, Sandefjordløpet og Odalsskøyta.</p>
Junior C	Martin Engene Øyan	<p>LM samanlagt nr. 20 (25) Deltok på Hamarleikane, Sandefjordløpet, Najonalt stemne Kongsberg og Odalsskøyta.</p>
12 år	Nille Martha Norhaug Faleide	<p>LM samanlagt nr. 5 (10) Vikingløpet nr. 8 (15) Deltok også på Sandefjordløpet, Hallingdalskarusellen og nasjonalt stemne Kongsberg</p>
12 år	Lars Fivelstad Smaaberg	<p>Hamarleikane nr 14 (17) Odalsskøyta nr 17 (22) Deltok også på Krystallcupen, nasjonalt stemne Kongsberg og Hallingdalskarusellen</p>

10 og 11-åringar som har gått løp

Sigbjørn Eide (11)

Nasjonalt stemne Kongsberg, krystallcupen, Hallingdalskarusellen, Sandefjordløpet, Hamarleikane, Orasløpet, Vikingløpet og Odalsskøyta.

Han vart også teken ut til å representere Norge i Viking-race i Heerenveen.

Mange rekruttar har også vore med og gått løp denne vinteren.

OVERDOMMAR.

- **Ola Halvar Jorde** er overdommar i nivå 4.

STARTARAR.

- **Ola Stølen** er startar i nivå 2.

Verv i Buskerud skøytekrets

- **Gisle Eide** var kompetanseansvarleg i Buskerud Skøytekrets i sesongen 2005/2006.
- **Mona Norhaug Faleide** – vara til styret og repr. i region Furumo
- **Per Helge Myklebust** – medlem i rekrutteringsutvalet
- **Oddbjørn Jorde** – medlem i rekord- og statistikkutvalet

DUGNAD SINNSATS OG ANNAN AKTIVITET I KLUBBEN.

- Som tidlegare år har gruppa hatt dugnadsvask på Glitre.
- Skøytegruppa hadde ein stor dugnadsgjeng under Hallingrittet.
- Skøytegruppa stilte med ein gjeng til dugnad på klubbhuset på Hallingmo.
- Skøytegruppa stilte med folk til Sommaridrettsleikane på Hallingmo.
- Skøytegruppa stilte med vakter på Goldagen.
- Ola Halvar Jorde har stått for mesteparten av islegginga dette året. Ein stor takk til Ola Halvar for denne jobben og for mange timar dugnadsinnsats elles i gruppa med ulike ting.
- Ola Halvar Jorde er leiar i Gol idrettsråd.
- Per Helge Myklebust har jobba fram prosjektet ”Barn og ungdom på is” for skøytegruppa. I samband med dette prosjektet og andre aktivitetar gruppa har organisert har han gjort ein kjempeinnsats med å søkje ulike instansar om midlar. Vi vonar at også hovudlaget ser den innsatsen som er er lagd ned. Ei stor takk til Per Helge for dette arbeidet.
- ”GlitreTid” – tidtakarprogrammet som Oddbjørn Jorde har laga er under vidare utvikling og forbetring. Han har også denne sesongen samarbeidd med Kjell Almenning i fleire stemne rundt om i landet. Ein fin representant for Gol.
- Inger Berit og Per- Helge Myklebust var vakter på dansegalla på Gol Campingsenter.
- Kioskansvarleg Kari Kaupang Eide har gjort ein flott innsats med kioskdriфта på Glitre.

Utover dette er det mange som gjer ein stor dugnadsinnsats for gruppa gjennom mange ulike oppgåver. Styret vil få takke alle foreldre og andre frivillige som har gjort ein jobb på Glitre i året som har gått. Utan dugnad hadde vi ikkje kome langt.

SPONSORAR.

Skøytegruppa vil få rette ein stor takk til Pers Resort, Eidsgaard hotell og Gol Bakeri for sponsinga i form av pengestøtte. Skøytegruppa vil også få takke Felleskjøpet for lån av traktor.

Ein stor takk også til Mesta v/Lars Petter Hefte som hjelper til med brøyting både på banen og parkeringsplassen på Glitre.

Skøytegruppa vil også rette ein takk til Bautas for lån av brakker samt Brøto Transport for frakting av brakkene til og frå Glitre.

Styret i skøytegruppa vil til slutt få takke alle som på ein eller annan måte har støtta gruppa og gjort ein innsats i 2006.

UTFORDRINGAR I 2007/2008

- Ei stor utfordring er bygging av garasjeanlegg på Glitre.
- Skaffe trenarar og aktivitsleiatarar.
- Prosjekt "Barn og ungdom på is"
- Fortsatt støtte frå kommunen til drift av anlegget på Glitre.
- Rekrutteringsarbeid både til skøyteskule og aktive løparar.
- Skaffe fleire sponsorar
- Aktivitsleiarkurs
- Dommar- og tidtakarkurs
- Gruppa har søkt om NC og NM all round senior

Velkomen til eit godt skøytemiljø på Glitre.

Arrangement 2007:

7. januar:	Familiedag på isen
19. februar:	Bedriftstafett
24. februar:	Hallingdalskarusellen
7. mars:	Hallingdalsmeisterskapen

Gol 27. januar 2007
Styret for skøytegruppa

